

Utvalg:	Innovasjonsutvalget	Dato: 18.09.2025
IU-sak: 23/25		Arkivsaknr.:

Introduksjon til studentinnovasjon på UiB

Bakgrunn

Denne saka gir innovasjonsutvalet ei innføring i korleis det blir jobba for å følgje opp UiB sin strategi og for å fremje studentinnovasjon ved UiB – gjennom utdanning og målretta aktivitetar og tiltak.

Strategi og mål

Universitetet i Bergen løftar i strategien *Kunnskap som formar samfunnet* (2023–2030) fram studentane som ein sentral drivkraft i innovasjonsarbeidet. UiB skal tilby kompetanse i innovasjon til både studentar og tilsette, stimulere til tettare kontakt mellom studentar og arbeidsliv, og bruke kunnskapsklynger som arenaer for studentdrivne initiativ. Samarbeid med samfunns- og næringsliv er avgjerande for å setje kunnskap i arbeid – og studentane er ein viktig nøkkel i dette.

Innovasjon og entreprenørskap er integrert i utdanninga ved UiB. Målet er at studentane skal kunne identifisere idear og verdiforslag i sitt eige fagfelt, og vite korleis dei kan omsetje dette til samfunnsnytte. Forskingsbasert utdanning og fagleg breidde er fundamentet for satsinga på studententreprenørskap, og UiB ønskjer å fremje og støtte studentdrivne initiativ på dette området.

Utdanning

Fleire studieprogram ved UiB inkluderer emne med innovasjonsrelevans. Desse emna gir studentar innsikt i innovasjonsprosessar, forretningsutvikling og tverrfagleg samarbeid. Døme på dette er:

- *Innovasjon ved designtenking* (NT) som er obligatorisk på sivilingeniørstudia
- *Tverrprofesjonell læring* (MED) som handlar om å trene helseprofesjonsstudentar i tverrfagleg samarbeid
- *Introduksjon til innovasjon og entreprenørskap* i Media City Bergen (SV)

Uformelt nettverk av innovasjonsundervisarar

Det er etablert eit uformelt nettverk av undervisarar med interesse for innovasjonspedagogikk, som deler erfaringar og utviklar undervisningsopplegg. Nettverket bidreg til å styrke innovasjonskompetansen på tvers av fagmiljø.

Studentinnovasjonstiltak

Innovasjonspilotar

I 2024 tilsette UiB to innovasjonspilotar for eit år, delfinansierte av Innovasjon Norge. Pilotane har som oppgåve å støtte studentar i innovasjonsprosjekt, bidra til nettverksbygging og styrke samarbeidet mellom fagmiljø og studentinitiativ. Erfaringane frå året har vore gode. Innovasjonspilotane har mobilisert studentar ved tre fakultet og vore synlege på sosiale medium, arrangement og i rettleiing av studentprosjekt.

Etter ein periode utan finansiering er det hausten 2025 lyst ut nye deltidsstillingar for innovasjonspilotar, denne gong finansierte av Agenda Vestlandet (sjå under).

Studentorganisasjonar

Studentorganisasjonar som *Start Bergen* og *Innorett* tilbyr møteplassar og arrangement for studentar med interesse for innovasjon og entreprenørskap.

Etter initiativ frå Vestland fylkeskommune oppretta studentar ved ulike utdanningsinstitusjonar i Bergen studentorganisasjonen *GründerCampus*, som har som mål vere ein møteplass for innovasjonsinteresserte studentar i Bergen. Organisasjonen får låne lokale av UiB, i kjellaren i Christies gate 20. Organisasjonen har fått støtte frå Vestland fylkeskommune og Agenda Vestlandet, og UiB bidreg med innovasjonspilotar i tillegg lokale.

Tilbod skreddarsydd for internasjonale studentar

Eit stort, uutnytta potensial i det regionale innovasjonsmiljøet er dei internasjonale studentane – både på master- og ph.d.-nivå. Mange ønskjer å bli i Noreg etter studia, men manglar nettverk og innsikt i korleis dei kan etablere seg som gründerar eller finne arbeid i etablert næringsliv. UiB samarbeider med Startup Migrants og VIS for å støtte desse talentane gjennom programma *Startup Preschool* og *First Customer*, som gir praktisk opplæring, nettverk og tilgang til lokale aktørar.

Finansiering av studentinnovasjon

UiB idé

UiB idé er ei støtteordning for studentar med innovative prosjektidéar, og skal bidra til å senke terskelen for å teste og utvikle eigne løysingar. Ordninga gir studentar moglegheit til å søke om inntil 100 000 kroner, som kan brukast til verifisering, prototyping og vidareutvikling av ideen. Gjennom UiB idé får studentar tilgang til rådgiving og kopling mot relevante fagmiljø og innovasjonsaktørar, og ordninga har vist seg å vere eit viktig første steg for mange som ønskjer å utforske entreprenørskap.

STUD-ENT

STUD-ENT er ei nasjonal finansieringsordning som gir studentar moglegheit til å starte eigne verksemdar med støtte frå Innovasjon Noreg. Kwart studentprosjekt kan få inntil éin million kroner i etableringsstøtte. Ved UiB får studentar rettleiing og støtte i søknadsprosessen, og fleire prosjekt har lukkast med å få finansiering.

Samarbeid med eksterne

Felles søknad til Agenda Vestlandet

NHH, HVL, Vis og UiB har nyleg fått innvilga ein felles søknad hos Agenda Vestlandet, og fått totalt 26 millionar kroner over tre år til studentinnovasjon. UiB får rundt 6 millionar kroner over tre år. Midla skal mellom anna brukast til å vidareutvikle UiB idé, finansiere innovasjonspilotar, og utvikle innovasjonsemne ved UiB. Vis har koordinert søknaden, og kallar sin del av programmet TILT student.

Startuplab

UiB har inngått ein mindre avtale med Startuplab om samarbeid rundt studentinnovasjon. Dette gjeld særleg samarbeid om arrangement, og ulike typar hjelp og støtte til studentgründerar, slik som praksisplassar, mentorar og preinkubasjon.

Oppsummering

Saka blir lagt fram for innovasjonsutvalet til orientering, og utvalet vil få ei meir utfyllande presentasjon i møtet.